



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for samferdsle

Møtedato: 24.11.2015

Sak nr.: 15/8192-4

Internt l.nr.: 51223/15

Sak: 42/15

Tittel: **Utbetring av FV 57 Dale - Storehaugen, søknad om forskottering av planleggingsmidlar**

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget viser til vedtak i sak 49/14 der kommunane Gaular og Fjaler har fått høve til å forskottere planmidlar til fv 57 Dale-Storehaug med bru over Svesundet innanfor ei ramme på 2 mill. kr.
2. Fylkestinget imøtekjem ikkje søknaden frå Gaular og Fjaler om å forskottere ytterlegare 1,5 mill. kr. Ev. kostnader ut over nemnde forskotteringsramme må dekkast av kommunane sjølve.

Endringsframlegg:

Venstre og Høgre sette fram slikt framlegg til nytt punkt 2:

Fylkeskommunen imøtekjem søknaden frå Gaular og Fjaler om å forskottere ytterlegare 1,5 mill kr. Ev kostnader ut over nemnde forskotteringsramme må dekkast av kommunane sjølve. Det er ein føresetnad for løyvinga at ramma til planlegging vert auka tilsvarende i perioden 2018-2021. Det er også ein føresetnad for løyvinga at kommuneplanarbeidet vert ferdigstilt

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen i punkt 1 vart samrøystes vedteken.

Arnstein Menes, Gunn Sande, Sigurd Reksnes, Helen Hjertaas og Harald Bjarte Reite røysta for tilrådinga frå fylkesrådmannen i punkt 2.

Norvald Distad, Bjørn Hollevik, Gunnhild Berge Stang og Stein Malkenes røysta for tilrådinga frå Venstre og Høgre i punkt 2.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget viser til vedtak i sak 49/14 der kommunane Gaular og Fjaler har fått høve til å forskottere planmidlar til fv 57 Dale-Storehaug med bru over Svesundet innanfor ei ramme på 2 mill. kr.

2. Fylkestinget imøtekjem ikkje søknaden frå Gaular og Fjaler om å forskotere ytterlegare 1,5 mill. kr. Ev. kostnader ut over nemnde forskotteringsramme må dekkast av kommunane sjølve.